

## Årsmelding frå styret i Omvikdalen idrettslag 2020

Året med Covid19 har sjølv sagt også vore eit heilt spesielt år for Omvikdalen idrettslag. Ein stor del av aktivitetene har vorte stengt ned, og dette har særleg gått ut over hovudaktiviteten vår som er turn, no når gymsalen har vore stengt for slike aktivitetar. Heldigvis har vi kreative folk i idrettslaget som har laga til alternative tilbod for å få folk i aktivitet på andre måtar. Natursti på Høgåsen og Bergalivegen, samt «springtingen» er døme på alternative opplegg som idrettslaget har starta i 2020. Godt jobba, særleg av Mari Ann og Anette (turngruppa og turgruppa) med dette!

Også den årlege aktivitetsdagen på skuleplassen, og julematineen vart avlyst. Likevel er det framleis ein del som tek idrettsmerket, og laget har fått inntekter frå Sparebankstiftinga (2 X 75 000,-), noko som gjer at vi har kome fint ut av situasjonen økonomisk. Ettersom det ikkje har vore aktivitet i økonomigruppa i 2020, vert det heller ikkje skrive årsmelding.

Det vart halde fem styremøte i 2020, der berre eit vart fysisk og resten vart digitalt. Dette har fungert fint. Idrettslaget er heldige som har god økonomi, noko som set laget i stand til å hjelpe til med gode tiltak i og kring bygda. Vi har mellom anna brukt pengar på opprusting av uteanlegget på skulen, og vi har støtta ljosløypa i Fjellhaugen skisenter.

Valnemnda har vore i sving og gjort ein god jobb, slik at det no ligg føre ei liste med framlegg til nytt styre, samt folk til alle grupper og nemnder. No er det opp til årsmøtet å godkjenne innstillinga. Stor takk til Maylinn og Møyfrid.

Medlemstalet ligg no på rundt 300. Det er viktig å halde på medlemstala, og vi håpar at færrest mogleg melder seg ut sjølv om det no har vore mindre aktivitet.

For styret i Omvikdalen idrettslag, Kjartan Thoresen.